

Verdiskapingsplan for Høyanger kommune
Perioden 2016 - 2020

«KRAFTFULL KNOPPSKYTING»



Høyanger kommune
eld kraft vatn

INNHALD

1. Innleiing	3
2. Organisering av prosessen	4
3. Utgangspunktet for Høyanger samfunnet	4
4. Utviklingsanalyse Høyanger kommune	5
4.1 Samfunnsanalyse	5
4.2 Næringsanalyse	10
5. Strategiske retningar for Høyanger kommune 2016-2020	13
5.1 Visjon og mål for utviklingsarbeidet	13
5.2 Program og strategiske val	14
- Utviklingsprogram A: Kraftfullt næringsliv	15
- Utviklingsprogram B: Bu i Høyanger kommune	17
- Utviklingsprogram C: Opplev Høyanger kommune	19

VEDLEGG:

Vedlegg 1 - Utviklingsanalyse Høyanger kommune 2004-2014

Verdiskapingsplanen vart handsama og vedteken av kommunestyret i Høyanger 16. juni 2016.

1. Innleiing

1.1 Føremålet

Føremålet med ein verdiskapingsplan (strategisk næringsplan) er å:

- Gjennomføre overordna mål for næringsutviklingsarbeidet til Høyanger kommune slik dei er fastsett i kommuneplanen.
- Prioritere overordna mål for næringsutviklingsarbeidet til Høyanger kommune dei neste 4 åra.
- Beskriva konkrete utviklingsoppgåver med tiltak og ansvarsdeling.
- Bidra til å styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom næringsliv og kommune.
- Sikre at kommunen opptre samkøyrte og koordinert på dei områda planen femner om.

1.2 Organisering av arbeidet med samfunns- og næringsutvikling

Arbeidet med samfunns- og næringsutvikling er forankra politisk i Høyanger kommune sitt øvste politiske organ, kommunestyret. Verdiskapingsplanen er eit sentralt dokument i Høyanger kommune sin planstruktur og omhandlar strategiar og tiltak knytt til samfunns- og næringsutvikling som direkte eller indirekte bidreg til å auka folketalet og sysselsetjinga i kommunen.

Høyanger Næringsutvikling er ansvarleg for å utarbeide strategiar og prioriterte tiltak og gjennomføra handlingsprogram i Verdiskapingsplanen. For dette løyver Høyanger kommune årleg eit tilskot til Høyanger Næringsutvikling. Selskapet er organisert som eit aksjeselskap der Høyanger kommune eig 89.8% og næringslivet resterande. Selskapet har eitt årsverk, men leiger også inn prosjektkompetanse knytt til prosjekt i handlingsplanen.


1.3 Verdiskapingsplanen

Plandokumentet inneheld ein strategisk del og eit handlingsprogram. Den strategiske delen skal omhandle no-situasjonen (analysedelen og faktadelen), utviklingstrekk, mål og strategival. Handlingsprogrammet inneheld prioriterte utviklingstiltak som skal gjennomførast kvart år. Verdiskapingsplanen vert og rullert kvart år i forbindelse med budsjettperioden og kan ta opp i seg nye satsingsområde/strategiar dersom nye moglegheiter oppstår.

2. Organisering av prosessen

Som grunnlag for utarbeiding av denne planen er det gjennomført ei grundig utviklingsanalyse av næringslivet og samfunnet i Høyanger kommune dei siste 10 åra fram til 2014. Det er gjennomført arbeidsmøter, idéugnader og diskusjonar med næringslivet i ulike bransjemøter, med politikarar og administrasjonen i kommunen, og med styret i HNU og privatpersonar.

Verdiskapingsplanen er utvikla gjennom ein prosess der ein har jobba etter fylgjande steg:



Verdiskapingsplane i Høyanger kommune 2016-2020 har to delar:

- Første del er ein oppdatert analyse av utviklinga i samfunnet og næringslivet og ein SWOT-analyse innanfor områda Samfunn/bustad og Næring/bedrift. Denne er eit viktig grunnlag for val av satsingsområde, mål og strategiar.
- Andre del er sjølve verdiskapingsplanen for perioden 2016-2020 med visjon, utviklingsprogram og mål.

3. Utgangspunktet for Høyangersamfunnet

Vi ser i dag følgjande utviklingstrekk:

- Utviklinga innan oljesektoren vil også i dei neste åra føre til utfordringar for Norge og delvis for Høyanger kommune. Det er leverandørbedrifter som blir direkte råka, men for Høyanger kommune vil nedgang i oljeprisen, svak kronekurs og god tilgang på kompetansepersonell som no vert ledige og kunne føre til føremoner for andre bedrifter.
- Det er likevel knytt spenning til korleis råvaremarknaden vil utvikle seg internasjonalt. Særleg vil utviklinga i Kina kunne få konsekvensar for både aluminiums- og sinkmarknaden. Utviklinga innan oppdrett ser god ut framover og gir god inntening i bransjen.

- Industrien i Høyanger kommune er posisjonert mot marknader som er i fokus på grunn av ny satsing på klimapolitikken globalt. Aluminium og resirkulering er såleis godt posisjonert i vekstnæringar globalt.
- Det er ein positiv trend for Høyanger kommunen når vi ser på utviklinga innan dei fleste bransjane våre for 2015. Vi trur denne positive utviklinga vil halde fram og styrke seg ytterlegare i 2016.

Vi ser i dag følgjande hovudutfordringar:

- Næringslivet kan oppleve rekrutteringsvanskar innan spesielle kompetanseområde. Nedgangen i oljesektoren vil føra til auka tilgang på kompetansepersonar lokal industri kan dra nytte av.
- Høyanger kommune må bli meir attraktiv som bustadkommune for dei som i dag pendlar til kommunen, og ikkje minst for alle vi må rekruttere i åra som kjem.
- Det er store kull som vert pensjonistar i åra som kjem og desse skal erstattast med ung arbeidskraft. Rekruttering til Høyanger kommune vil bli viktig i åra framover.
- Kunnskapsøkonomien utviklar seg vidare. Bevegelse frå tradisjonell arealkrevjande industri til næringar med kunnskap som viktigaste produksjonsfaktor held fram med aukande styrke.
- Målretta infrastrukturarbeid der kommunikasjon internt i kommunen og til/frå kommunen vert fokusert gjennom målretta utviklingsprosjekt.
- Utvikling av sentrumsfunksjonar med stor vekt på handel, reiseliv og servicenæringar.
- Arbeide for å få «nye» næringar og bransjar til å etablere seg i Høyanger, for å sikre eit større mangfald, og at Høyanger kommune får sin del av dei nye «grøne» vekstnæringane.

4. Utviklingsanalyse Høyanger kommune

Den strategiske utviklingsanalysen skal gje eit robust faktagrunnlag for kvar ein står i Høyanger kommune i dag og kva moglegheiter ein ser framover. Dette basert på utviklingstrekk i samfunnet generelt og næringslivet spesielt. Analysen baserer seg på innsamla data frå offentlege basar, samtalar med næringslivet/kommune, og bransjemøte med dei viktigaste bransjane i Høyanger kommune.

Utviklingsanalysen er vedlegg til denne Verdiskapingsplanen, og vi gjengir berre hovudtrekka her.


4.1 SAMFUNNSANALYSE

I samfunnsanalysen har vi sett på folketalsutvikling, sysselsettingsutvikling, pendlingsmønster, næringsstruktur og arbeidsløyse. Det er og utarbeida ein ny SWOT-analyse.

Høyanger er ein kommune som består av ein større tettstad, samt mindre bygder – Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Sørsida. Tettstaden Høyanger er administrasjonsstad.


Høyanger kommune er del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Innan ein reiseradius på ein time frå sentrum i Høyanger når ein tettstadane Balestrand, Leikanger, Førde, Dale og Hyllestad. Til Bergen tek det om lag 2 timar frå Sørsida.

Folketalsutvikling



Kjelde SSB, folketalsutvikling i Høyanger 1991 - 2015


Høyanger kommune hadde pr. 1. januar 2016 4 161 innbyggjarar. Dette er ein nedgang på åtte siste året, ein nedgang på 61 personar siste tre år, og ein nedgang 287 personar i den siste 10-årsperioden (2006 til 2016). Høyanger kommune hadde vekst i folketalet i 2010 og 2012. Nedgangen dei siste åra heng saman med at arbeidsplassar har forsvunne i lokalt næringsliv kombinert med negativt fødselsoverskot. Figuren under viser at dei fleste kvartala viser negativ innanlandsk flytting og at tilgang kjem gjennom utanlandsk innvandring. Det er veldig få kvartal med positivt fødselsoverskot.



Kjelde SSB, folketalsutvikling pr kvartal i Høyanger kommune 2005 - 2015

Utfordringa for Høyanger kommune er at tal innbyggjarar i aldersgruppa 30-39, som er den "produserande" gruppa, er redusert med 288 personar (44%) frå 2004 til 2015. Det er og ei likevekt blant menn og kvinner i dag, men nedgangen har vore sterkast blant menn.


Sysselettingsutvikling



Kjelde SSB, tal sysselsette etter arbeidsstad på venstre graf og tal innbyggjarar på høgre graf

Sysselettingsutvikling etter arbeidsstad viser sysselsette med arbeidsstad/kontorstad i Høyanger. Det var ein vekst i perioden 2005 til 2007 gjennom auka tilsetjing i Høyanger kommune. Nedgangen fram til 2011 skuldast nedgang ved Fundo og Hydro. Det har vore ein vekst i etterkant av omstillingsperioden, men ein er i dag tilbake på same nivå som i 2011. Vi ser at folketalet har gått ned i heile perioden.


Av figuren under ser ein at sysselettingsutvikling etter bustad ikkje har hatt den same negative utviklinga sjølv om stenginga av Fundo hadde stor effekt i 2009. Det har vore ei meir stabil utvikling i sysselsette etter bustad som tyder på at fleire pendlar ut frå Høyanger for å arbeide.




Kjelde SSB, tal sysselsette etter bustad på venstre graf og tal innbyggjarar på høgre graf

Pendling

Utviklinga i pendlestrukturar siste åra viser at det er Førde, Hyllestad, Bergen og sokkelen som er dei viktigaste arbeidsstadsregionane for Høyanger. Utpendlinga har auka spesielt til Førde, Hyllestad og sokkelen. Innpendlinga har gått ned men Høyanger kommune er fortsatt viktig for ein del nabokommunar og spesielt Balestrand og Gaular.



Kjelde SSB, tal personar som pendlar



Kjelde SSB, samanlikning av tal personar som pendlar ut og inn

Av tabellen over, som syner den samla pendlestraumen ut og inn av Høyanger kommune, ser ein at trenden siste åra er ein auke i utpendling og nedgang i innpendling. Høyanger kommune går mot ei utvikling som ein bustadkommune. Dette har samanheng med bortfall av arbeidsplassar i perioden, medan folk har valt å bu i Høyanger kommune og finne seg arbeid i andre kommunar.

OPPSUMMERING SWOT – Samfunn

I samband med samfunnsanalysen er det utarbeida ein SWOT-analyse innan området Samfunn gjennom involvering av politikarar, kommuneadministrasjon, næringslivet og styret i HNU.

<p>Styrkar: <i>Høyanger har:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • God kommunal økonomi - store kraftinntekter • Sentral plassering, mogleg pendling til Førde • Kort veg til kommuneleiing/politisk • Nærleik til alt - korte avstandar • Gode fritidsmuligheter, tilgjengeleg natur • Gode kommunale tenester • Barnehageplass, skuleplass • Stoltheit, identitet, patriotisme • Nærleik til flyplass • Trygt samfunn • Tilsnitt til nybygging - 200.000 • Mange naturperler til tomteland, mykje strandlinje 	<p>Svakheiter: <i>Høyanger har:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Negativ folketalsutvikling/folkesamansetnad • Redusert aktivitet i landbruket • Lite attraktivt sentrum for unge tilflyttarar • Industrikultur - hemmar gründerkulturen i Høyanger tettstad • Dårleg intern kommunikasjon i kommunen - avstandar • Mangel på utleigeboligar/gjennomgangsboligar i distrikta • Svakt omdøme • Lite samspel med andre kommunar
<p>Moglegheiter: <i>Høyanger kan:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bli del av større bu- og arbeidsmarknad - attraktiv for busetnad/pendling • Utnytte industrianlegg/næringsparker og industrikompetanse • Bli senter i ein storkommune - Kommunereforma • Løfte fram yrkesfag for å sikre vidaregåande skule, rekruttering • Aktivt inkludere nye innbyggjarar • Mjuka opp kommune/fylkesgrenser • Utvikle nye bustadfelt i kvar bygd • Realisere tomtefelt på alternative måtar for å auke bygging 	<p>Truslar: <i>Høyanger kan bli negativt påverka av:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fråflytting/negativ folketalsutvikling • Stadig færre unge trugar struktur i barnehage, SFO og skule • Nedlegging av vidaregåande • Nedlegging av arbeidsplassar • Kommunereforma - kven skal ein samarbeid med • Sentralisering av offentlege tenester • Status - karriere - yrkesfag - rekruttering

4.2 NÆRINGSANALYSE


I denne delen ser vi nærare på lokale næringsmiljø/bransjar med fokus på utviklingsstrekk og status. Denne inkluderer og besøksnæringane handel og reiseliv.

Næringsstruktur

Denne delen ser på næringsstrukturen i Høyanger og korleis denne har utvikla seg dei siste ti åra.

	Virkelig 2004		Virkelig 2008		Virkelig 2011		Virkelig 2103		Virkelig 2014		Endring 2013-2014		Endring 2004-2014	
	Antall	Andel	Antall	Andel	Antall	Andel	Antall	Andel	Antall	Andel	Antall	%	Antall	%
Sysselsatte Høyanger	2161		2202		1721		1771		1695					
Kommune	531	25 %	539	26 %	574	33 %	606	34 %	576	34 %	-30	-5 %	45	8 %
Fylke og Stat	231	11 %	205	10 %	227	13 %	189	11 %	180	11 %	-9	-4 %	-51	-22 %
Landbruk	106	5 %	95	5 %	93	5 %	90	5 %	77	5 %	-13	-14 %	-29	-27 %
Handel	162	7 %	181	9 %	137	8 %	137	8 %	125	7 %	-12	-9 %	-37	-23 %
Energi	37	2 %	22	1 %	41	2 %	43	2 %	45	3 %	2	5 %	8	22 %
Forr. tenesteyting	140	6 %	102	5 %	135	8 %	112	6 %	113	7 %	1	1 %	-27	-19 %
Bygg og anlegg	81	4 %	93	4 %	106	6 %	118	7 %	113	7 %	-5	-5 %	32	40 %
Transport	86	4 %	135	6 %	117	7 %	103	6 %	102	6 %	-1	-1 %	16	19 %
Industri	802	37 %	702	33 %	261	15 %	344	19 %	324	19 %	-20	-8 %	-478	-60 %
Hotell og restaurant	29	1 %	27	1 %	30	2 %	29	2 %	40	2 %	11	37 %	12	40 %
Totalt	2 204	102 %	2 101	100 %	1 721	100 %	1 771	100 %	1 695	100 %	-76	-4 %	-509	-23 %
Antall innbyggere	4 550	2,1	4 374	2,0	4 280	2,5	4 222	2,4	4 169	2,5				

Kjelde ssb, viser utvikling i sysselsetting i ulike bransjar frå 2004 og fram til 2014.



Kjelde SSB: Næringsstruktur i Høyanger kommune 2004 og 2014

Sysselsettinga i Høyanger kommune har hatt ei reduksjon på 509 sysselsette etter arbeidsstad i kommunen som følgje av sterk nedgang i industrien. Vi ser at industrien har gått frå 36% av sysselsettinga til 19% ved utgangen av 2014. Det er bransjar som har hatt ei positiv utvikling i perioden, blant anna kommunen, bygg og anlegg, transport og reiseliv.


Høyanger kommune har ca. 45% av sysselsettinga knytt til offentlig sektor, der kommunen, den vidaregåande skulen og Helse Førde er dei store aktørane. Høyanger har få store næringsmiljø utanom industrien.

Offentleg sektor

Sysselettingsutviklinga innan denne sektoren er knytt opp mot Høyanger kommune, Høyanger vidaregåande skule og Helse Førde, Tronvik. Høyanger kommune hadde ein vekst i sysselsettinga frå 2010-2013, men ein reduksjon i 2014. Helse Førde si avdeling på Tronvik er fortsatt ein stor og viktig arbeidsplass som det har vore ulike signal knytt til, men den ser ut til å ha ei positiv utvikling framover. Den vidaregåande skulen er under press på søkartal til gitte linjer som kan gå ut over tilbodet og sysselsettinga. Skulebruksplanen er freda inntil vidare, men det kan ligge ei utfordring knytt til eksistensen av skulen etter 2020.

Privat sektor

Sysselettinga i denne sektoren fram til 2009 var sterkt knytt til kraftig nedgang innan industri som fylgje av nedstenging av Fundo og søderberglinja på Hydro. Det har i etterkant av dette kome nye bedrifter til som har vist ei veldig positiv utvikling og vekst i sysselsetting. Eksempel på dette kan være Nyrstar, Safe Clean og Saint Jean. Den totale utviklinga i sysselsette i industrien har vore ganske stabil frå 2009 til 2013. Denne sektoren har vore sterkt prega av endringane i sysselsette på Hydro og Fundo som har vore ei krevjande omstilling for Høyangersamfunnet med reduksjon på ca. 450 tilsette i perioden.



Kjelde, Hydro Aluminium, Høyanger

Sektoren som hadde den sterkaste utviklinga fram til 2014 var bygg og anlegg. Dette er ein bransje med lange tradisjonar i Høyanger kommune, der ein også opererer i ein marknad utover Høyanger kommune. Energibransjen har og hatt ein liten vekst, og det er stor aktivitet i kommunen på dette området. Tenesteyting hadde ein nedgang fram mot 2009, men har opplevd vekst gjennom nye bedrifter etter omstillingsperioden.

Handel er fortsatt sterkt utsett frå press utanfrå med korte avstandar til Førde og Bergen, samt netthandel. Det er stor lekkasje i Høyanger. Det har ikkje vore satsa sterkt på reiseliv i

Høyanger, men det er aktørar som har utvikla seg over tid, og bransjen har dei siste par åra hatt ein positiv utvikling både i omsetnad og i talet på tilsette.

Gjennom næringsanalysen ser ein at det ligg eit rekrutteringsbehov i næringslivet i Høyanger kommune dei neste fem åra grunna pensjonsavgang. I dei største bedriftene i privat og offentlig sektor er det 154 tilsette som er over 62 år eller blir 62 i løpet av dei neste fem åra.

	2015	2016	2017	2018	2019	
Bedrift	Fødd 1953 og før	Fødd 1954	Fødd 1955	Fødd 1956	Fødd 1957	Totalt
Høyanger kommune	31	16	20	10	24	101
Hydro	7	5	6	7	5	30
Anna industri	2	2	2	1	0	7
Transport	3	1	1	2	1	8
Bygg og anlegg	1	0	0	0	1	2
Tenesteyting	1	0	2	0	0	3
Handel	2	1	0	0	0	3
Total avgang	47	25	31	20	31	154
Akkumulert avgang	47	72	103	123	154	

OPPSUMMERING SWOT – NÆRING/BEDRIFT/BESØK

På same måte som for området Samfunn/Bustad, er også utarbeid ein SWOT-analysen innan området Næring/Bedrift/Besøk.

<p>Styrkar: <i>Høyanger har:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Godt samhald i næringslivet • Optimisme og framtidstru i fleire bygdelag - gründerånd • Sterk industrikultur, skiftarbeid • God industrikompetanse • Kultur for omstilling - evne • Investeringsvilje i fiskeindustri/industri • God kommunal oppbakking • Tilgjengeleg industri/næringslokal • Fornybar energi - konsesjonskraft • Naturgitte føresetnader for næring - fjord og fjell • Trafikk på hytteleige - tysk 	<p>Svakheiter: <i>Høyanger har:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Utfordring på rekruttering - Jobbmoglegheit « begge kjønn» Arbeidsplassar til høgt utdanna ungdom • Mangel på hovudkontor - er «filialisert» (avdelingar, få sentrale funksjonar) - strategiske avgjerder vert gjort andre stader • Stor sysselsetting i offentlig sektor • Svak kultur for å starte eigen bedrift - tørre å satse • Negativ utvikling i landbruket • Dårlig infrastruktur/straum/Mobildekning 4G • Støre logistikkostnader • Liten plass til ekspansjon for Hydro • Liten kultur for reiseliv i kommunen • Stor handelslekkasje til Førde/Bergen
<p>Moglegheiter: <i>Høyanger kan:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Utnytte stor pensjonsavgang - ny-rekruttering • Nytte industrianlegg/næringsparkar og industrikompetanse til å tiltrekke seg ny industri • Nytte kraftressursane til å tiltrekke seg ny industri • Utvikle næring langs Sognefjorden - oppdrett/marin/reiseliv • Utnytte smelteriet på Fundo til ny aktivitet • Utnytte spinn off frå eksisterande næringar -auka innovasjon og samarbeid med fagmiljø • Nytte kraftressursane til å tiltrekke seg ny industri - Utvikle opplevelsesbasert reiseliv - fjell, mat, sjø, elv, jakt, fiske, trallebane, trapper, oppdrett - Auka marknadsføring saman med Visit Sognefjord 	<p>Truslar: <i>Høyanger kan bli negativt påverka av:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Energi og klimapolitikk - (nettagift og Co2-avgift) • Mangel på investorkapital • Konjunkturutvikling - negativ påverknad på industrien si utvikling • Sentralisering av offentlege tenester • Mange tilsette i offentlig sektor - omstilling • Utflagging av bedrifter -utviklinga styrt av andre/utanfrå • Rykte om ureining av Sognefjorden

5. Verdiskapingsplan for Høyanger kommune 2016-2020

Arbeidet med å utvikle verdiskapingsplanen er initiert av styret i Høyanger Næringsutvikling. Basert på samfunns- og næringsanalysen, og anna grunnlagsmateriale, vil vi i dette kapitlet gå nærare inn på dei ulike satsingane, målsettingane og dei tilhøyrande strategiane for det vidare utviklingsarbeidet.

5.1 VISJON OG MÅL FOR VERDISKAPINGSPLANEN

VISJONEN

Strukturen i verdiskapingsplanen er **Visjon – Satsingsområde – Mål – Strategiar**. Det må vera ein naturleg og heilskapleg samanheng mellom desse.

Visjonen for Verdiskapingsplanen i Høyanger er «**Kraftfull knoppskyting**».


Knoppskyting og vekst er ein av bærebjelkane i utviklingsarbeidet, og har vore sentralt både i forankringsfasen og i gjennomføringsfasen fram til no. Kraftfull speglar tilbake på visjonen til Høyanger kommune om å være ein kraftfull, skapande og varm kommune som er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Den nye visjonen er:

“Kraftfull knoppskyting”

Høyanger kommune skal vere kraftfull, skapande og inkluderande

Visjonen peikar både på høge ambisjonar og eit mål om vekst og utvikling der Høyanger kommune skal vera ein plass der det er godt å bu, der det er gode rammevilkår for å driva næring og der det er kjekt å koma på besøk.



PROGRAMOMRÅDE

Verdiskapingsplanen har tre programområde:

- **Kraftfullt Næringsliv** – med vekt på å utvikle eksisterande næringsliv, samt utvikle ny næring med fokus på det «grøne skiftet»
- **Bu i Høyanger kommune**– med vekt på at det skal være attraktivt å bu i heile kommunen.
- **Opplev Høyanger kommune** – med vekt på at Høyanger kommune skal gi gode opplevingar til innbyggjarar og besøkande

5.2 UTVIKLINGSPROGRAM OG STRATEGISKE VAL

Programområde og vedtekne strategiar skal vere styrande for verdiskapingsarbeidet i Høyanger kommune for åra 2016-2020. Konkrete prosjekt innanfor programma vil verte fastsette i den årlege revisjonen av handlingsplanen. Vi vil her gå inn på dei ulike utviklingsprogramma og kva strategiar ein ynskjer å jobbe etter.

Verdiskapingsplan for perioden 2016-2020:

”Kraftfull knoppskyting”

Høyanger skal vere kraftfull, skapande og inkluderande kommune

Utviklingsprogram		
A. Kraftfullt Næringsliv Mål: Høyanger skal utvikle eksisterande næringsliv, samt utvikle ny næring med fokus på det «grøne skiftet» Det skal vere minst 1.750 arbeidsplassar i Høyanger innan utgangen av 2020 (1.695 arbeidsplassar i 2014)	B. Bu i Høyanger Mål: Høyanger skal vere ein attraktiv bustadkommune Det skal vere 4.300 innbyggjarar innan utgangen av 2020 (4.169 i 2014). Det skal være 470 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (427 i 2014).	C. Opplev Høyanger Mål: Høyanger skal gi gode opplevingar til innbyggjarar og besøkande Måla skal utarbeidast i forbindelse med utvikling av reiselivsplanen for kommunen.

PROGRAM A – ”KRAFTFULLT NÆRINGS LIV

Hovudmål

Høyanger kommune skal utvikle eksisterande næringsliv, samt utvikle ny næring med fokus på det «grøne skiftet»

- Det skal vere minst 1 750 arbeidsplassar i Høyanger kommune innan utgangen av 2020 (1 695 arbeidsplassar i 2014)

Effekt av målet skal vera eit meir allsidig næringsliv, spin off-effektar frå eksisterande næringsliv, auka innovasjonsevne i lokalt næringsliv og at fleire investorar, bedrifter og attraktiv kompetanse søker seg til kommunen.

Ansvarleg for oppfølging av programmet

Høyanger Næringsutvikling har det overordna ansvaret, men prosjekt skal som hovudregel ha A-eigarar frå næringslivet.

Prioriterte strategiar:

1. Styrke utviklingsevna til det eksisterande næringslivet

Bidra til å sikre og etablere nye lønnsame arbeidsplassar i eksisterande bedrifter

Bidra til å sikre konkurransevne i eksisterande bedrifter

Delmål:

Styrke bedriftene si utviklingsevne innanfor marknadsutvikling, produktutvikling, kompetanseutvikling og samhandling mellom bedriftene

- Skape forståing i bedriftene si leiing og styre for å prioritere utviklingsarbeid
- Skape eit grunnlag for å møte framtidige krav
- Auke fleksibilitet og omstillingsevne
- Auke kompetansen i bedriftene

Prioriterte prosjektområde:

- Utviklingsprosess (SMB Utvikling) for å gå gjennom status og moglegheiter hjå utvalde/interesserte bedrifter
- Kompetansetiltak for å støtte oppunder utviklingsevna i eksisterande næringsliv – fokus på styre og leiing
- Investorkapital/forum – styrke det økonomiske grunnlaget for vekst og utvikling
- Infrastruktur tiltak – støtte opp under tiltak som er viktig for å utvikle næringslivet i Høyanger (areal, breiband, osv.)

2. Styrke evna til ny forretningsutvikling

Bidra til å etablere næringar/verksemder som komplementerer eksisterande næringsliv og bygger på Høyanger kommune sine naturlege fortrinn

Spesielt fokus på etableringar som tek del i det grønne skiftet

Delmål:

- Utnytte fortrinn i Høyanger kommune knytt til blant anna energi, industrikultur, kompetanse, oppdrett, naturressursar, osv.
- Styrke Høyanger kommune si evne til å legge til rette for grønne næringar

Prioriterte prosjektområde:

- Auka aktivitet på dei ulike næringsareala i kommunen
- Nye næringar som tek del i «det grønne skiftet»
- Auka verdiskaping innan sjømat og havbruk
- Auka verdiskaping innan jordbruk og skogbruk

3. Styrke gründer/entreprenørskapsmiljøet i Høyanger kommune

Stimulere til å få fram fleire gode gründerar/entreprenørar og utnytte moglegheitene for vekst.

Delmål:

- Etablere eit gründer- og kompetansemiljø for grøn næringsutvikling
- Etablere eit nettverk av lokale aktørar med vilje til samarbeid og utvikling

Prioriterte prosjektområde:

- Lage lokale møteplassar for gründerar/entreprenørar
- Stipend/motivasjonstilskot i samhandling med Innovasjon Norge sine virkemiddel inn mot aktørane

PROGRAM B – «BU I HØYANGER KOMMUNE»

Hovudmål

Høyanger kommune skal vere ein attraktiv bustadkommune

Det skal vere 4 300 innbyggjarar innan utgangen av 2020 (4 161 i 2015). Det skal være 470 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (427 i 2014)

Effektar av målet skal vera eit godt bustadtilbod, god tilgang på tenlege bustadalternativ for ulike målgrupper, gode møteplassar for innbyggjarar og besøkande og sikre at ein har skuletilbod frå 1-13 klasse.

Ansvarleg for oppfølging av programmet

Høyanger Næringsutvikling i samarbeid med Høyanger kommune, næringslivet, arrangørar, lag og organisasjonar og privatpersonar.

Prioriterte strategiar:

1. Utvikle infrastruktur for attraktiv busetnad i heile kommunen

Bidra til å sikre tilgang på attraktive tomter og bustader i heile kommunen

Initiere moglegheitsstudie for framtidige bustadformer og område for å auka utbygging og sikre tilflytting til Høyanger kommune

Delmål:

- Skape oversikt og kommunisere eksisterande reguleringsplanar for busetnad
- Utvikle nye spanande bustadformer tilpassa framtidige behov
- Utvikle Høyanger vidare som bustadkommune

Prioriterte prosjektområde:

- Skape oversikt og kommunisere eksisterande reguleringsplanar for bustadbygging og aktuelle nye attraktive områder
- Utvikle prospekt/moglegheitsstudiar på attraktive bustadmiljø for å tiltrekke seg utbyggerar/investorar for å realisere prosjekt (leilegheit, terrasse, osv.)

2. Betre dei sosiale møteplassane som er attraktive for aldersgruppa 20-40 år

Bidra til å skape tilbod og aktivitetar som aukar trivsel for innbyggjarane i Høyanger kommune

«Å ha gode sosiale møteplassar er eit av dei viktigaste verktøya på vegen mot eit bærekraftig samfunn».

Delmål:

- Skape tilbod som aukar trivsel for innbyggjarane i Høyanger kommune, spesielt retta mot aldersgruppa 20-40 år
- Utvikle attraktive møteplassar for målgruppa og styrke Høyanger som ein attraktiv bustadkommune for målgruppa
- Auka vekt på næringsutvikling og rekrutteringstiltak retta mot målgruppa

Prioriterte prosjektområde:

- Støtte opp under utviklingstiltak knytt til aktivitetar og serveringsstader spesielt retta mot målgruppa
- Legge til rette for at arrangement blir lagt til kommunen som skapar aktivitet
- Støtte opp under frivillige lag og organisasjonar som skaper attraktive aktivitetar for innbyggjarane

3. Sikre 1-13 skulen i Høyanger

Bidra til å sikre og utvikle Høyanger vidaregåande skule saman med grunnskulen som ein attraktiv studieinstitusjon som er tett på næringslivet

Delmål:

- Sikre attraktiviteten til Høyanger som samfunn ved at elevane kan fullføre vidaregåande utdanning i kommunen
- Oppretthalde nærleiken mellom skule og næringsliv for å sikre rekruttering til lokalt næringsliv

Prioriterte prosjektområde:

- Legge til rette for aktivt samarbeid mellom fylket og kommunen med mål om å vidareutvikle HVGS
- Opprette ei prosjektgruppe som jobbar med mål om å sikre dagens linjer samt sjå etter nye «nasjonale linjer»
- Utarbeide ein strategi for å få næringslivet meir engasjert i å bruke/utvikle skulen. Herunder auka fokus på lærlingar, vidare- og etterutdanning, kurs
- Etablere prosjektmodell for utprøving av tett pedagogisk/ didaktisk/ økonomisk samarbeid for å sikre kvalitet i opplæringa ved samordning 8 - 13, Høyanger skule og HVGS.

PROGRAM C – «OPPLEV HØYANGER KOMMUNE»

Hovudmål

Høyanger kommune skal gi gode opplevingar til innbyggjarar og besøkande

Måla skal utarbeidast i forbindelse med utvikling av reiselivsplanen for kommunen.

Effektar av målet skal vera auka aktivitet i Høyanger gjennom fleire besøkande til kommunen, auka lokal handel og auka lokalt tilbod. Dette skal styrke dei lokale aktørane innan besøksnæringane og skal gjere opplevinga av å bu og besøke Høyanger betre.

Ansvarleg for oppfølging av programmet

Høyanger Næringsutvikling i samarbeid med Høyanger kommune, næringslivet, arrangørar, lag og organisasjonar og privatpersonar. Prosjekt skal som hovudregel ha A-eigarar frå næringslivet eller lag og organisasjonar.

1. Styrke eksisterande og utvikle nye opplevingar og arrangement

Bidra til å auke kvaliteten i alle ledd for dei som opplever Høyanger kommune som besøkande eller innbyggjarar.

Bidra til å utvikle opplevingar og arrangement som byggjer på Høyanger kommune si historie og fortrinn

Delmål:

- Skape tilbud som aukar trivsel for innbyggjarar og besøkande
- Støtte opp under frivillige lag og organisasjonar som skaper attraktive aktivitetar for innbyggjarane
- Bidra til å auke kvaliteten i eksisterande aktivitetar og arrangement
- Bidra til å styrke samhandling og informasjon om arrangements – og aktivitetstilbod

Prioriterte prosjektområde:

- Støtte opp under arrangement som tilbyr opplevingar til eigne innbyggjarar og tilreisande
- Fremje og støtte prosessar som har som mål å utvikle nye arrangement og opplevingar i kommunen

2. Utvikle eksisterande tilbod og auke mangfald innan handel og service

Bidra til utvikling av lokalsentra med fokus på tenestetilbod og innslag av urbane sentrums-kvalitetar

Bidra til å styrke dei sosiale møteplassane for innbyggjarane, spesielt i aldersgruppa 20-40 år

Delmål:

- Utvikle attraktive lokalsentra i kommunen
- Styrke lokal handel og tenesteleveransar for å auke lokal sysselsetting

Prioriterte prosjektområde:

- Styrke samhandling og samarbeid mellom aktørane som driv innanfor handel og service (felles marknadsføring, opningstider, arrangement, osv.).
- Styrke samhandling og samarbeid mellom aktørar i Høyanger sentrum
- Utvikle eksisterande verksemder – auke kompetanse og styrke utviklingsevne

3. Auka satsing på reiseliv

Bidra til å styrke organiseringa og samarbeid mellom aktørane i kommunen og opp mot Visit Sognefjord

Bidra til å etablere ein tydeleg reiselivsplan for perioden som aktørane kan samlast om

Bidra til aktiv satsing på hyttebygging

Delmål:

- Styrke dagens aktørar gjennom auka samarbeid og samhandling, auka deling av kunnskap og erfaringar
- Sikre god samhandling med Visit Sognefjord og at reiselivet i Høyanger er synleg og dreg nytte av marknadsarbeidet gjennom Visit Sognefjord
- Styrke vertskapsrolla i Høyanger kommune
- Auke aktivitet og besøk gjennom auka hyttebygging

Prioriterte prosjektområde:

- Etablere samarbeid/møteplassar mellom aktørar innanfor næringa
- Kartlegge moglegheiter og satsingsområde – vurdere reiselivsplan/strategi for Høyanger kommune
- Utvikle infrastruktur for attraktive hyttefelt – aktiv satsing på hyttebygging
- Etablere 3-års prosjekt med eigen ressurs med hovudfokus på; utvikling av reiseliv, «urbanisere» handelssentra, profesjonalisere arrangement samt omdømme og marknadsføring av kommunen